

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Vannbering. Fylke: Nord-Trøndelag  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Frol  
 Emne: Bygdelag: Frol  
 Oppskr. av: Arne Vardehaug Gard: Sørholt  
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Eg hugser godt at folk bar vatn i to bytter og hadde børtre. Ja like til siste vinter kom ofte børtrea fram for vatsbering. Vi kan endå finna dei med utholing for halsen, men mest er dei meire rette å finna. Dei med remmer eller band/over nakken, har eg i det heile ikkje sett.

Eg hugsar att det var vanleg å bera vatn i trebøtter, sume stader i Frol, for ein 30--40 år sidan.

Når det gjeld dei andre spørsmål, kan eg berre melde at: Endå ~~ta~~ det vanlegt å leggja einn liten bordstubb i vatskaret når ein køyrer vatn; det er for at vatnet ikkje skal skvulpa utor.

Det har vore bruka, og er endå mykje i bruk å køyra vaten i kaggar på vogn og slede etter som føre er.

Det er endå mange gardar i Frol som må køyra eller bera vatnet, tildels noe langt og. Det gjeld serleg for dei minste bruk. Når ein tar med dei, så er det vel på knapt det halve av bruka det er vatsspring. på. Men når det gjeld for antal dyr, så ver det vel ein mindre del ein må bera vaten til. Og på dei mindre bruka, må vel kona og borna for ein stor del stå for vatsberinga. Når mannen er tilstades, ber han og sjølv sagt heim vatn.

833

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING